



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.

0030 OSLO

Rådmannen

Saksh: Kristian Birkeland

Tlf: 53 65 65 80

Dato : 03.08.2010

Vår ref: 10/11520

Dykkar ref:

Arkiv: Gnr.Bnr-

HØYRINGSUTTALE TIL RAPPORT TA 2643-2010 AVVIKLING AV UTRANGERTE OLJEINSTALLASJONAR

Me viser til dykkar brev datert 28. mai der de ber om uttale til rapporten "Avvikling av utrangerte offshoreinstallasjonar".

Vindafjord kommune er vertskommune for AF Miljøbase Vats på Raunes. Anlegget er som kjent basert på mottak og resirkulering av petroleumsinstallasjonar. Dette er ein viktig og nødvendig aktivitet for oljenasjonen Norge. Installasjonane har gjennom ein aktiv bruksperiode på norsk sokkel gitt nasjonen enorme inntekter og er grunnlaget for vår nasjonale velferd. Det er difor eit nasjonalt ansvar at utrangerte oljeplattformer og andre petroleumsinstallasjonar vert sanerte på ein trygg og miljøforsvarleg måte.

Vindafjord kommune er positiv til rapporten og signaliserte dette allereie under presentasjonen i Vindafjordhallen tidlegare i år. Me har lenge ivra for at det må etablerast nasjonale standardar for denne type verksemd for å sikra at det vert gjort på ein miljøforsvarleg måte og for å sikra at dei verksemdene som satsar på dette har føreseielege og like konkurransevilkår. Dette tok me opp i møte med miljøverndepartementet den 30.04.2009.

Overføring av ansvar til Klif.

Me er positive til at ansvaret for saksområdet vert overført til Klif. Det vil sikra likebehandling av denne type saker og bidra til å styrka fagkompetansen innan området.

Ved etablering av mottaksanlegg er det viktig med nasjonale standardar og eit kompetent nasjonalt fagmiljø som kan vurderer dei ulike miljøutfordringane ved etableringa og drift av denne typen anlegg.

På bakgrunn av våre erfaringar med etableringa av basen på Raunes ser kommunen behov for at ein frå nasjonalt nivå understøtter og klarere set rammevilkår for slike anlegg. Dette ved at det vert gjort klart at slik verksemd er nødvendig og ønska, på dei rette vilkåra. Ved etablering av nasjonale standardar og nye felles krav til handtering av avfall, grenseverdier for utslepp mv, meiner me og at det er naturleg med ein ny gjennomgang av alle etablerte anlegg for å skapa føreseielege og like rammevilkår for verksemdene

Som rapporten peiker på har kommunen eit sjølvstendig ansvar i forhold til vurderer om det er ønskeleg med slik verksemd i kommunen og ev. leggje til rette for det gjennom overordna plan og reguleringsarbeid. Slik skal det framleis vera, men det er vesentleg at det er sett klare rammevilkår frå overordna fagleg organ i forhold til nødvendig vurdering av risiko og

miljøutfordringar i forkant av eventuell etablering. Det må og vera klare reglar i forhold til krav til konsekvensutgreiing.

Krav til kompetanse

Me er positiv til at det vert sett krav til kompetanse for personell som handterer farleg avfall. Det er viktig i forhold til å skape trygge og gode arbeidsplassar og i forhold til å skape tryggleik i nærmiljøet for at avfallet vert handtert på ein miljøforsvarleg måte

Marin begroing

Me meiner at marin begroing må fjernast offshore. Marin begroing kan skapa store luktpromblem for lokalmiljøet og tilsette ved handtering på land og ved deponering.

Miljøovervaking

Me støttar framlegget om krav til miljøovervakingsprogram. Dette er viktig i forhold til å skape tryggleik for lokalmiljøet og for å følgje opp verksemdene. Me meiner og at slik overvaking i seg sjølv vil bidra til sikrere handtering av miljøfarleg avfall. Ein bør i denne samanheng vurderer om miljøovervakinga skal administrerast av Klif.

Dert har ikkje vore mogeleg med politisk handsaming av denne uttalen med den fristen som er sett. Denne uttalen vert lagt fram for formannskapet i første møte (31. august) Eventuelle merknader frå formannskapet vert ettersendt.

Med helsing



Kristian Birkeland
Rådmann